



Trollheimsmarsjen

søndag 31. august 2008

Ny turmarsj over fjellet frå Todalen til Ålvundeid

Trollheimsmarsjen ei kulturvandring med start frå Todalen, over Vardan og til Ålvundeid. Marsjen går langs den gamle ruta over fjellet. På vegen blir det både historier og skrøner om samkvemet som har vore mellom bygdene og om kulturen for bruk av fjellet.

Starten skjer frå Bordholmen i Todalen, og vi går via Ørsalsetrene til Vardan. Vidare forbi Kjerringvatnet og ned til Ålvundeid, via Tverrlia og heistraseen i Børsetlia fram til Leikvoll. Turen vert eit årleg arrangement fram til Trollheimstunnelen vert opna.



Ved Ørsalsetrene



Mot Todalen



Mot Kjerringbotn



Børsetlia

Praktiske ting om Trollheimsmarsjen:


- Start frå Bordholmen i Todalen mellom kl 08.00 og 12.00.
- Målgang på Leikvoll på Ålvundeid innen kl 18.00.
- Busstransport frå Leikvoll til Bordholmen før start og etter målgang. Bussen er gratis, men vi må sjølve betala fergebillet.
- Bussavganger før start kl 7.45, 8.45, 9.45 og 10.45.
- Bussavganger etter målgang kl 15.15, 16.15, 17.15 og 18.15.
- Jubileums-pin til alle, og trekning av fleire fine premiar.
- Høve for å ta en dusj på Leikvoll stadion etter marsjen.
- Deltakaravgift kr 100 for vaksne og kr 50 for born (16 år).
- Born kan delta i følge med vaksne.
- Salg av matpakkar, T-skjorter o.l. på Bordholmen.
- Salg av middag og div. lokalprodusert mat på Leikvoll.
- Sigbjørn Børset har indianerleir på Leikvoll.
- Påmelding ved start på Bordholmen, der du får startkort.

Fakta om Trollheimsmarsjen:

- Distanse: ca 13 km i variert terreng.
- Tidsbruk: ca 5 timar i vanleg turisttempo. (Pausar i tillegg).
- Turens høgaste punkt ligg på ca 850 m ved Vardan.

Det er god turskikk å ta med godt med klær og mat.

Løypeprofil for Trollheimsmarsjen



Velkommen som deltakar!



Trollheimsmarsjen er ein del av jubileet til I.L.Ulvungen og Todalen I.L. som begge er 100 år i 2008